

Fredag 26. juli kjem VASSENDGUTANE attende til Dønhauglåven. Dei er på veg til Countryfestivalen i Seljord, der dei er hovudbandet dagen etter. Det passar såleis bra å leggja turen innom Uskedalen og Dønhaug for å spela opp til skikkeleg LÅVEDANS

På Låvedans med Vassendgutane får ein oppleve kva det vil seia å vera på ein ekte fest på lokalet. Bandet gir alt, og drar med publikum i allsong så det ljomar. Det skal godt gjerast å gå heim frå ein slik kveld utan å vera i godt humør.

Sidan sist bandet var på Dønhaug har dei gitt ut eit nytt album, HESTESLEPP. Dette selde til gull på berre tre dagar, 17 000 eksemplar, gjekk rett til topps på VG-lista og har fått strålende tilbakemeldingar frå fansen.

Bandet eksperimenterer litt med nye stilartar innan country, og det er tydeleg at dei tre nye musikanane i bandet som har kome med siste året har hatt si innverknad på sluttresultatet.

Vassendgutane har også kome med ein nymusikkvideo, «Feite Egil» som handlar om ein matglad kar som møter opp i 20-års konfirmasjonsfest, og får ein heller bastant kommentar på sin kraftige kroppsbygning.

Videoen har blitt ein hit på Youtube, så det er tydelig at fansen set pris på både musikken og det å oppleve bandet. Bandet har hittil gitt ut 7 CD-ar og 2 live konsert DVD-ar, der XO utmerker seg med dobbel platina, og alle dei andre har minimum selt til gull.

Låter du vil få høyra på Dønhaug er for m.a. Granada, Ungkar med dobbelseng, Siste dansen, Nam Nam Nam, 60-sone og mange, mange fleire.

Førehandsalet av billetter er godt i gang, evt. restbill. vil bli selde i porten. Som vanleg blir det sett opp bussar etter arr. slutt. Meld frå i porten når du kjem om du skal ta ta buss heim.

Bandet består for tida av: Sindre Aam –Vokal, bass, Arthur Johan Bjørdal – Vokal, akkgitar, Ernst Brune – trekkspill, Rune Brautaset – Vokal, akkgitar, Frank Willy Utgård – Vokal, elgitar, akkgitar, Kim Erik Lillestøl – Vokal, trommer, Alf Rune Melby – Steelgitar, banjo

Av Magne Huglen